



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 16

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 64. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av
den 63. generalforsamlinga i FN

Innhald

1	Samandrag	5	5.5	Korrupsjon	19
1.1	Eit nytt kapittel i internasjonalt samarbeid?	5	6	Menneskeretts- og sosiale spørsmål (3. komité)	21
1.2	Viktige saker og hendingar som påverka den 64. generalforsamlinga .	6	6.1	Generelt	21
1.3	Område der Noreg har markert seg .	6	6.2	Menneskerettssituasjonen i enkeltland	21
1.4	Oppsummering av komitéarbeidet ...	9	6.3	Rasisme	21
2	Konstituering og val	11	6.4	Ærekrenking av religion	21
2.1	Avslutning av den 63. generalforsamlinga og opning av den 64. generalforsamlinga	11	6.5	Menneskehandel	21
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 64. generalforsamlinga	11	6.6	Barns rettar	21
2.3	Val	11	6.7	Kamp mot vald mot kvinner	22
3	Saker i plenum	12	6.8	Vern for menneskerettsforkjemparar	22
3.1	Generaldebatten	12	6.9	Internflyktningar	22
3.2	Høgnivåmøte	12	7	Avkolonisering og fredsbevarande operasjonar (4. komité)	23
3.3	FN-reform	13	7.1	Generelt	23
3.4	Globale helsespørsmål	13	7.2	Vest-Sahara	23
3.5	FNs tusenårsmål	13	7.3	Midtausten	23
3.6	Fredsbyggingskommisjonen	14	7.4	Fredsbevarande operasjonar	23
3.7	Humanitære spørsmål	14	7.5	Bistand til minerydding	24
3.8	Regionale konflikhtar	14	8	Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)	25
3.9	Havretts- og fiskerispørsmål	15	8.1	Det regulære FN-budsjettet for 2010–2011	25
3.10	Terrorisme	16	8.2	Bidragsskalaen	25
3.11	Dei internasjonale domstolane	16	8.3	FNs finansielle situasjon	25
4	Nedrusting og tryggleik (1. komité)	17	8.4	Finansiering av FNs krigsforbrytardomstolar	26
4.1	Debattane	17	8.5	Finansiering av FNs fredsbevarande operasjonar	26
4.2	Kjernevåpen og andre masseøydeleggingsvåpen	17	8.6	FNs politiske misjonar	26
4.3	Konvensjonelle våpen	18	8.7	Tilsyn og kontroll	26
5	Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)	19	8.8	Revisjonsstandardar	26
5.1	Generelt	19	9	Juridiske spørsmål (6. komité)	27
5.2	Fattiges tilgang til lov og rett	19	9.1	Generelt	27
5.3	Kvinner og utvikling	19	9.2	Terrorisme	27
5.4	Berekraftig utvikling	19	9.3	Folkerettskommisjonen	28
			9.4	Andre spørsmål	28

Vedlegg	4	Oversikt over Noregs innlegg	
1 Innlegg av Jens Stoltenberg,		under den 64. generalforsamlinga.....	33
statsminister i Noreg, under eit	5	Programbudsjettet 2010-2011	34
eige arrangement om finansiering av	6	FN sine medlemsland og	
arbeidet med å nå dei helserelaterte		bidragsskalaen.....	35
tusenårsmåla.....	29	7 FN-systemet.....	40
2 Innlegg av Jens Stoltenberg,	8	8 Forkortingar	41
statsminister i Noreg, under			
eit arrangement i regi av FN			
om REDD+	30		
3 Tale av Jonas Gahr Støre,			
utanriksminister i Noreg,			
til generalforsamlinga i FN,			
64. sesjon	31		

Meld. St. 16

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 64. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 63. generalforsamlinga i FN

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 7. mai 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Eit nytt kapittel i internasjonalt samarbeid?

Verda står overfor enorme utfordringar som er knytte til mellom anna fred, utvikling og menneskerettar, og behovet for ein global møteplass er stort. Generalforsamlinga i FN gjer det mogeleg å synleggjere norsk FN-politikk gjennom deltaking på høgnivåmøte, på regulære møte i plenum og komitear og gjennom bilaterale møte. Frå norsk side er det overordna målet å markere Noreg som fredsnasjon og aktiv bidragsytar i internasjonale fredsoperasjonar og som pådrivar i klima- og miljøspørsmål, i samarbeidet om utvikling, global helse og oppnåing av tusenårsmåla, for styrking av kvinners situasjon og i arbeidet for eit styrkt og samordna FN.

Ved opninga av generalforsamlinga (GF64) var deltakinga rekordstor, med over 100 stats- og regjeringssjefar til stades. USAs president Barack Obama deltok for første gong, det same gjorde Kinas president Hu Jintao. Høgnivåveka under

generalforsamlinga viste tydeleg at FN er unik som global politisk arena.

Hovudinntrykket er at USA no melder seg inn i ei rekkje prosessar som har gått tregt eller har hatt lita reell framdrift. Vi såg ein amerikansk administrasjon som har betalt all uteståande gjeld til FN, som har stort engasjement på ei rekkje felt, og som i stor grad har samanfallande interesser og prioriteringar med Noreg. I den første talen til FNs generalforsamling innfridde Barack Obama forventningane mange hadde, då han gjorde det klart at «USA står reie til å starte eit nytt kapittel i internasjonalt samarbeid». President Obama leidde òg, som første amerikanske president, eit møte i Tryggingrådet. Temaet for møtet var nedrusting.

FNs generalsekretær Ban Ki-moon, som var på eit vellukka besøk til Oslo og Svalbard i august, har under Generalforsamlinga ønskt å markere seg i behandlinga av klimaspørsmål og finanskrisa. Generalsekretæren lukkast i å få med ei imponerende samling statsleiarar på eit eige klimatoppmøte under høgnivåveka, men tok i mindre grad

substansielle initiativ i prosessen fram mot København-konferansen. I lys av den finansielle og økonomiske krisa søkte Ban etter ein måte å knyte medlemslanda i FN tettare opp til G20-prosessane på. Land både i og utanfor G20 ser at det trengst større global forankring og legitimitet i finansielle og økonomiske prosessar.

Generalforsamlinga vert leidd av den tidlegare libyske utanriksministeren og FN-ambassadøren Ali Abdussalam Treki. Generalforsamlinga har stort sett gått føre seg utan store konflikhtar, men òg utan store gjennombrot.

1.2 Viktige saker og hendingar som påverka den 64. generalforsamlinga

Nytt engasjement frå USA

President Barack Obama stadfesta det nye amerikanske FN-engasjementet ved å vere i New York i tre dagar under opningsveka i Generalforsamlinga.

Obama markerte seg under høgnivåveka på tema som klima, nedrusting og ikkjespriing og FNs fredsoperasjonar med m.a. eit eige møte med dei største troppebidragsytarane, medan utanriksminister Hillary Clinton fokuserte på matvarekrisa og seksualisert vald. Det vert lagt merke til at USA no viser eit omfattande engasjement for kvinner.

Dei aller fleste landa, uansett kva forhold dei har til USA, ser at FN-prosessar får større sjansar til å lukkast dersom USA er engasjert. Samtidig vert det understreka frå USA si side at det ikkje kan forventast at USA skal gjennomføre tiltak og finne løysingar på globale problem på eiga hand.

Finanskrisa

Finanskrisa førte til eit tøffare klima særleg under forhandlingane om gjeld, handel og finans, og ikkje minst under forhandlingane om FNs nye toårige budsjett. Verknadene av finanskrisa reduserte viljen og evna hos mange land til å inngå kompromiss, og mange sentrale land gjekk inn for reell nullvekst i det regulære FN-budsjettet.

Klima

Handtering av klimautfordringane og arbeidet fram mot klimakonferansen i København –der målsetjinga var ein global forpliktande avtale om reduksjon av utslepp og finansiering av klimatiltak – sette sitt preg på Generalforsamlinga. Under høgnivåveka i september arrangerte Generalsekretæren eit klimatoppmøte som samla kring 100 stats-

leiarar, medrekna statsminister Stoltenberg. Viktig var òg arrangementet om reduksjon av utslepp frå avskoging og skogøydelegging (REDD+), som Noreg sette tydeleg preg på ved at statsminister Stoltenberg deltok i panelet. Statsminister Stoltenberg deltek i FNs høgnivågruppe om finansiering av klimatiltak i fattige land som vart oppretta av FNs generalsekretær Ban Ki-moon. Høgnivågruppa skal arbeide for å mobilisere dei ressursane som vart lova under klimatoppmøtet i København.

Afghanistan

2009 var eit utfordrande år for FN i Afghanistan, spesielt etter terrorangrepet i Kabul 28. oktober der fem FN-tilsette omkom. Gjennomføringa av president- og provinsrådsvala sette òg FN på prøve. Hovudoppgåva til FN i samband med vala var institusjonsbygging, i form av å støtte den afghanske valkommisjonen og den uavhengige klagekommisjonen, i tillegg til å gi teknisk støtte. FN skulle med andre ord ikkje overvake valet og vurdere omfanget av valfusk, men la valinstitusjonane handtere dette. FN, leidd av spesialrepresentant Kai Eide, spelte ei avgjerande rolle for at dei to hovudkandidatane i presidentvalet til slutt nådde fram til ei politisk løysing som vart akseptert av partane.

Haiti

Jordskjelvet på Haiti 12. januar 2010 førte til store humanitære behov samtidig som logistikkutfordringane var særskilte krevjande. Over 200 000 døydde som følgje av skjelvet, og 2 millionar menneske vart direkte ramma. Tap av FN-personell og deira familiemedlemmer gjorde at FN var sterkt svekt. Trass i dette var FN raskt til stades og bidrog med nødvendig nødhjelp og koordinering av nødhjelpsarbeidet. Haiti-operasjonen er spesielt krevjande, og den koordinerande rolla til FN er viktigare enn nokon gong.

1.3 Område der Noreg har markert seg

Det norske hovudinnlegget

Det norske hovudinnlegget vart halde av utanriksminister Jonas Gahr Støre. Det vart fokusert på behovet for styrkt internasjonalt samarbeid, utfordringane ved klimaendringane, finanskrisa, tusenårsmåla, kampen mot seksuelle overgrep, situasjonen i Afghanistan, nedrusting og reform av FN gjennom mellom anna oppretting av ei likestillings-eining.

Global helse og tusenårsmåla

Under Generalforsamlinga stadfesta Noreg posisjonen sin som ein av dei leiande aktørane på helse. Under høgnivåveka leidde statsminister Jens Stoltenberg, Storbritannias statsminister Gordon Brown, presidenten i Verdsbanken og FNs generalsekretær eit møte om finansiering av arbeidet for å nå dei helserelaterte tusenårsmåla, med fokus på måla om barnedødstal og mødreheelse.

Utover hausten vart det forhandla fram eit rammeverk for toppmøtet om tusenårsmåla som finn stad under høgnivåveka av neste generalforsamling. Noreg spelar ei sentral rolle her, i nært samarbeid med m.a. Generalsekretæren, Storbritannia og Gates Foundation, og har mellom anna medverka til å trekkje USA sentralt inn i prosessen.

Oppfølginga av utanriksministerens initiativ om global helse og utanrikspolitikk, som vart diskutert for første gong ved førre sesjonen, vart ytterlegare styrkt gjennom ein resolusjon med konkrete tilrådingar om influensa og helsepersonell. Vedtak av Oslo-erklæringa om helse og utanrikspolitikk har dermed slått rot i FN og har no òg engasjert land som USA, Kina og Japan.

Klima

Noreg er kjend som ein viktig aktør på klimaområdet. Det vert lagt positivt merke til forståinga vi har av klimaspørsmål, den handfaste politikken vi fører, med dokumenterte verknader, og erfaringa vår med karbonskatt, kvotesystem og karbonfangst og -lagring (CCS).

Noreg var sentralt plassert i prosessen med toppmøtet om klima under høgnivåveka. Statsminister Stoltenberg var òg invitert som ein av 25 sentrale leiarar som møttest med Generalsekretæren i etterkant av toppmøtet. Eit eige arrangement om REDD+, der Noreg er leiande, fekk stor oppslutning.

Humanitære spørsmål

Noreg fortsette å fungere som ein pådrivar for å styrkje FNs humanitære arbeid, både gjennom høg aktivitet og solide bidrag. Dette kom klart fram under den første høgnivåkonferansen om FNs nødhjelpsfond (CERF, Central Emergency Response Fund) under Generalforsamlinga. Fondet gjer at FN kan gi raskare og betre koordinert respons på humanitære kriser. Noreg deltok på politisk nivå ved statssekretær Gry Larsen og gav sterk støtte til FNs humanitære innsats og vidareutvikling av denne innsatsen.

FN-systemet, spesielt dei feltbaserte organisasjonane, er viktige partnarar innanfor humanitær

nedrusting, òg på dei områda der arbeidet i hovudsak går føre seg i andre fora. Noreg har dei siste åra gått i front og sikra avgjerande gjennombrøt med konvensjonen om klaseammunisjon og kontinuerleg innsats mot landminer. Noreg, som komande president for Minekonvensjonen, og Colombia, vertslandet for den andre tilsynskonferansen for Minekonvensjonen, var vertskap for eit arrangement om Minekonvensjonen under høgnivåveka. Noreg fremja òg synspunkta sine i relevante resolusjonsforhandlingar. Her inngår den såkalla omnibusresolusjonen om humanitær bistand, resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og FN-personell og resolusjonen om humanitær bistand i naturkatastrofar, medrekna overgangen mellom nødhjelp og meir langsiktig bistand.

Trygve Lie-symposiet: vern av sivile – auka respekt for og implementering av humanitærretten

Noreg tok initiativ til og var saman med Frankrike vertskap under høgnivåveka for det andre Trygve Lie-symposiet. Formålet var å skape auka oppslutning om prinsippa i humanitærretten om vern av sivile i konfliktane i dag.

I tillegg til utanriksministrane frå Noreg og Frankrike deltok òg presidenten i den internasjonale Røde Kors-komiteen (ICRC) Jacob Kellenberger, FNs høgkommissær for flyktningar António Guterres, FNs nødhjelpskoordinator John Holmes, Indonesias utanriksminister Hassan Wirajuda og statssekretær Eric Schwartz frå USA. Frå IPI (International Peace Institute) deltok Terje Rød-Larsen, Ed Luck og Warren Hoge.

Det var semje om at både statar og ikkje-statlege aktørar i større grad må haldast ansvarlege for brot på humanitærretten. Trygve Lie-symposiet 2009 skal følgjast opp med mellom anna feltstudiar om korleis humanitærretten vert praktisert i dag, ein serie regionale konferansar og til sist ein større (global) internasjonal konferanse.

FN-reform

FN er ein viktig aktør i internasjonalt utviklingssamarbeid og humanitær innsats. Noreg er den tredje største givaren til FNs utviklingsaktivitetar og humanitære verksemd (2007). Oppfølging av tilrådingane frå Høgnivåpanelet om FN-reform frå 2006 (som vart leidd av statsminister Stoltenberg saman med statsministrane frå Mosambik og Pakistan) og påtrykk overfor den enkelte FN-organisasjonen med sikte på betre resultat og effektivisering er difor høgt prioritert på norsk side. Fleire reformer har funne stad i løpet av dei siste to åra.

Noregs deltaking i den 64. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 63. generalforsamlinga i FN

Det er allereie omfattande endringar i måten FN arbeider på landnivå, men det er nødvendig å sikre at endringar på landnivå vert følgde opp med endringar på hovudkvarternivå. Generalforsamlinga fatta prinsippvedtak om oppretting av ei ny likestillingseining. Valet av ny leiar og sikring av finansieringa vil vere avgjerande for at den nye eininga skal bli relevant og slagkraftig.

Likestilling og kamp mot vald mot kvinner

Ein viktig siger i reformarbeidet vart oppnådd i september då Generalforsamlinga vedtok å etablere ei ny kvinne- og likestillingseining. Vedtaket er i tråd med forslaget til Høgnivåpanelet om FN-reform. Eininga vil gi eit tydeleg mandat til auka innsats for kvinner og likestilling. Noreg, i tett samarbeid med dei nordiske landa, er pådrivar for dette. Det vert arbeidd for at den nye eininga skal starte drifta i 2010.

Noreg markerte seg òg i kampen mot vald mot kvinner, inkludert kampen mot seksualisert vald brukt som våpen i konfliktsituasjonar. Her engasjerte justisminister Storberget seg sterkt. I tillegg til den leiande rolla justisministeren spelar i Generalsekretærens nettverk for kamp mot vald mot kvinner, vert det gitt norske finansielle bidrag til FN-arbeidet også på landnivå.

Menneskerettar

I Generalforsamlinga er legitimiteten til og behovet for vern for menneskerettsforkjemparar nokre av dei mest kontroversielle tema. Noreg leidde vanskelege forhandlingar om resolusjonen fram til konsensusvedtak. Sentralt i forhandlingane stod sikring av retten til ytrings- og forsamlingsfridom for menneskerettsforkjemparar.

Under norsk leiing vedtok Generalforsamlinga ein ny resolusjon om internflyktningar (internt fordrivne) som gir auka merksemd til samanhengen mellom klimaendringar og menneske på flukt i eige land.

I samband med den internasjonale menneskerettsdagen 10. desember stod Noreg som medarrangør for ein paneldiskusjon om grove menneskerettsbrot mot personar baserte på seksuell orientering. Møtet vart arrangert i samarbeid med ein koalisjon av ikkje-statlege organisasjonar som jobbar for å fremje rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT).

Oppfølging av finanskrisa

Noregs FN-ambassadør Morten Wetland vart, saman med Zambias ambassadør Lazarous

Kapambwe, oppnemnd på nytt som tilretteleggjar for arbeidsgruppa til Generalforsamlinga om finanskrisa og utvikling. Arbeidsgruppa skal gjennom konsultasjonar, møte og paneldiskusjonar kaste lys over ulike sider ved verknadene av finanskrisa, i tillegg til responsen FN-systemet har gitt på desse verknadene, og rapportere tilbake til presidenten for Generalforsamlinga.

Midtausten

Under opningsveka leidde utanriksminister Jonas Gahr Støre eit arbeidsmøte i den internasjonale givarlandsgruppa for Det palestinske området (AHLIC). I møtet samla det internasjonale givarsamfunnet seg i unison støtte til statsminister Fayyads toårsplan for fullføring av den palestinske staten.

I høve markeringa av 60-årsjubileet for opprettinga av FN-organisasjonen for palestinske flyktningar (UNRWA) arrangerte UNRWA ei minnemarkering i samband med opninga av generalforsamlinga. Utanriksminister Støre leidde høgnivåsegmentet.

Menneskehandel

Generalforsamlinga tok eit nytt skritt i retning av ein global handlingsplan mot menneskehandel. Noreg tok, til liks med eit fleirtal i EU, til orde for å styrkje gjennomføringa av Palermo-protokollen om menneskehandel.

FNs nye toårige budsjett

Noreg leidde forhandlingane om nytt toårig budsjett for FN under generalforsamlinga i haust. Trass i at finanskrisa har ført til økonomisk innstramming for mange land, gav arbeidet som koordinator Noreg høve til å påverke profilen budsjettet fekk til slutt. Det er mange omsyn som skal takast vare på innanfor ramma av dei 5,16 milliardane amerikanske dollar budsjettet er fastsett til. Budsjettet vart til slutt vedteke ved konsensus. Dermed vart trenden snudd frå dei to føregåande budsjettperiodane der budsjettresolusjonen har vorte teken opp til votering.

Havretts- og fiskerispørsmål

Den norske delegasjonen deltok aktivt under forhandlingane om havretts- og fiskerispørsmål. Viktige spørsmål var særleg botnfiske, kontinentalsokkel, ulovleg, urapportert og uregulert fiske og piratverksemd. Havrettsresolusjonen erkjenner problemet med piratverksemd og oppfordrar til tett samarbeid på alle nivå for å slå ned på dette.

Samarbeid med andre land og grupper

Generelt kan det seiast at strategiske alliansar med sentrale utviklingsland og eit tett nordisk samarbeid har gitt stor uttelling når det gjeld å få gjenomslag for norske prioriteringar i FN-samarheng.

1.4 Oppsummering av komitéarbeidet

1. komité

Samtidig som den nye administrasjonen i USA har bidrege til eit meir positivt klima for nedrusting, viste årets sesjon i 1. komité tydeleg at behovet for reformer er påtrengande. Dette gjeld både organiseringa av sesjonen og kva resolusjonar som vert behandla. Bortsett frå resolusjonen til Kasakhstan om ein internasjonal dag mot kjernefysisk testing og den chilenske resolusjonen om ein konferanse for medlemslanda i dei regionale kjernevåpenfriesonene, vart det ikkje introdusert nye resolusjonar. Noreg og likesinna land har enno ikkje fått gjenomslag for å avgrense talet på årlege resolusjonar, og dei fleste av dei framlagde resolusjonane var difor tradisjonelle resolusjonar med berre tekniske oppdateringar. Det gjekk òg mykje tid til å samle medforslagsstillarar til dei enkelte resolusjonane.

Trass i at kjernevåpenstatane i FNs tryggingråd i september 2009 klarte å verte samde om resolusjon 1887 om ei kjernevåpenfri verd, var det, med unntak av USA som hadde ein mykje høgare profil samanlikna med tidlegare år, lite endring å spore i røystinga til desse landa.

2. komité

Årets sesjon var prega av et noko hardare forhandlingsklima enn i fjor. Landa i sør (G77) hadde steile haldningar på spørsmål knytte til gjeld, handel og finans. Samtidig har spenningane og interessekonfliktane internt i G77 blitt tydelegare. EU stod fram som motvekta til G77 etter at USA har gått over til meir fleksible haldningar. Trass i det tøffe forhandlingsklimaet kunne Noreg glede seg over framgang på fleire viktige område, som fattiges tilgang til lov og rett, i tillegg til ein resolusjon om å styrkje kvinners rettar og rolle i utvikling.

3. komité

Forventningane om eit lågare konfliktnivå i menneskerettskomiteen i Generalforsamlinga vart ikkje innfridde. Nord-sør-delinga var tydeleg mellom anna i resolusjonane om retten til utvikling, rasisme og ærekrenking av religionar, i tillegg til

omtalen av rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar både i resolusjonen om terrorisme og i resolusjonen om traktatane om sivile og politiske rettar og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.

Trass i at verken «raude klutar» som dødsstraff eller rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar formelt stod på dagsordenen til komiteen, vart det sistnemnde temaet likevel ei kampsak som følgje av at ein spesialrapportør la vekt på overgrep mot seksuelle minoritetar i kampen mot terrorisme. Sentrale traktatorgan behandla det same temaet, og dette leidde òg til at den nordiske resolusjonen om FN-konvensjonane om sivile og politiske rettar og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar vart tekne til votering for første gong. Etter forslag frå den arabiske gruppa vart dei to paragrafane som omtalte ikkje-diskriminering av lesbiske og homofile, strokne, og resolusjonen med denne justeringa vart vedteken i plenum.

4. komité

Som i tidlegare år blei debatten i 4. komité dominert av Midtausten og FN's fredsbevarande operasjonar. Frå norsk side vart òg minerydding prioritert. Spørsmålet om avkolonisering av dei 16 resterande ikkje-suverene territoria står framleis på dagsordenen, men ber preg av liten framgang. Av desse territoria fekk Vest-Sahara størst merksemd.

5. komité

5. komité var i haust prega av omstendelege forhandlingar omkring to store saker, budsjettet og bidragsskalaen. Finanskrisa gav lite rom for stor auke i budsjettet i år. Forhandlingane var prega av ein annan dynamikk enn dei siste åra, sidan finanskrisa pressa viktige land til å ha ei meir budsjett-konservativ haldning enn normalt. Under budsjettforhandlingane gjaldt dette spesielt Mexico, som tidlegare har vore ein viktig brubyggjar under slike forhandlingar, og EU, der Storbritannia pressa gruppa sterkt mot ein posisjon for reell nullvekst. Til gjengjeld var USA og Japan svært konstruktive i forhandlingane. Noreg leidde budsjettforhandlingane og presenterte i innspurten av forhandlingane eit kompromissforslag som vart vedteke med konsensus.

Bidragsskalaforhandlingane viste at det er svært vanskeleg å forandre på formelen som vert brukt til å rekne ut kor mykje kvart medlemsland skal bidra med til det regulære budsjettet og til budsjettet for dei fredsbevarande operasjonane, sidan både G77 og USA begge har fordelar ved at status quo står ved lag.

Noregs deltaking i den 64. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 63. generalforsamlinga i FN

6. komité

Som før vart alle resolusjonane vedtekne ved konsensus. Et noko kontroversielt tema som sto på dagsordenen for første gong i år, var spørsmålet om universaljurisdiksjon, dvs. om ein stat skal ha høve til å straffeforfølgje utlendingar for handlin-

gar som er utførte i utlandet. Det vart òg stadfesta nok ein gong at det ikkje er støtte til utvikling av ein konvensjon om straffansvar for FN-tilsette fordi ein fryktar at statar urettmessig vil straffeforfølgje andre statars militære personell.

2 Konstituering og val

2.1 Avslutning av den 63. generalforsamlinga og opning av den 64. generalforsamlinga

Den 63. generalforsamlinga vart formelt avslutta 14. september 2009, og den 64. generalforsamlinga vart opna 15. september 2009. Generaldebatten starta 23. september og vart avslutta 29. september.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 64. generalforsamlinga

Noregs delegasjon under FNs 64. generalforsamling:

Statsminister Jens Stoltenberg, leiar
Utanriksminister Jonas Gahr Støre, nestleiar
Ambassadør Morten Wetland

Stortingsrepresentantar:

1. del av sesjonen:

Ine Marie Eriksen Søreide
Borghild Tenden
Gunvor Eldegard
Steinar Gullvåg
Hans Frode Kielland Asmyhr
Erling Sande

2. del av sesjonen:

Kenneth Svendsen
Rolf Reikvam
Øyvind Vaksdal
Elisabeth Aspaker
Sonja Mandt-Bartholdsen
Anette Trettebergstuen

Observatørar:

FN-sambandet
Den norske Helsingforskomiteen
FOKUS (Forum for kvinner og utviklingsspørsmål)
Mellomkyrkjeleg råd
Næringslivets Hovedorganisasjon, NHO
Landsorganisasjonen, LO
Norges fredsråd
Arbeidernes Ungdomsfylking, AUF
Norsk målungdom

2.3 Val

Presidenten for den 64. generalforsamlinga

Den 64. generalforsamlinga valde Dr. Ali Abdussalam Treki, tidlegare utanriksminister for Libya, til president.

Tryggingsrådet

15. oktober valde Generalforsamlinga fem nye medlemmer til Tryggingsrådet for perioden 2010–2011. Brasil, Nigeria, Gabon, Libanon og Bosnia-Hercegovina stilte alle utan motkandidat i sine grupper, og valet var dermed ukontroversielt. Burkina Faso, Libya, Vietnam, Costa Rica og Kroatia overlét sine sete i Tryggingsrådet til dei nye medlemene ved årsskiftet.

ECOSOC

Under den førre generalforsamlinga (GF63) blei Noreg vald inn i FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC) for perioden 2009–2010. Rådet er sett saman av 54 medlemmer.

3 Saker i plenum

3.1 Generaldebatten

USAs president Barack Obama innfridde mange forventningar då han gjorde det klart i den første talen sin til FNs generalforsamling at USA står klar til å starte eit nytt kapittel i internasjonalt samarbeid.

Frankrikes president Nicolas Sarkozy hadde hovudfokus på finanskrisa og klimaendringar. Han understreka òg at legitimiteten til FN er avhengig av reform. Dette gjaldt også for FNs tryggingråd, og han peikte på at det var sannsynleg at viktige avgjerder ville bli tekne utanfor FN dersom reform ikkje fann stad.

Storbritannias statsminister Gordon Brown tok for seg dei krisene verdssamfunnet står overfor, og peikte på fem hovudutfordringar: klimaendringar, terrorisme, atomspreiing, kamp mot fattigdom og global inntektsfordeling. Han la òg vekt på at FNs tusenårsmål på langt nær ville bli nådde i 2015 dersom det ikkje vart sett fart i dette arbeidet.

Kinas president Hu Jintao hadde fokus på behovet for samarbeid, felles interesser og multilateralisme, i tråd med prinsippa i FN-pakta. Under feiringa av 60-årsjubileet for folkerepublikken såg dei fram mot fortsett utvikling, eit meir ope Kina og sterkare samarbeid med resten av verda.

Russlands president Dmitrij Medvedev la i den første talen sin til Generalforsamlinga vekt på at dei aktuelle globale krisene innebar eit aukande behov for FN som eit verktøy som spegla dei ulike interessene til medlemslanda. Når det gjaldt nedrusting, ville Russland følgje vegen mot verifiserbar og irreversibel reduksjon i atomvåpen som ein del av ein ny start i forholdet til USA.

Det norske hovudinnlegget vart halde av utanriksminister Jonas Gahr Støre. Det vart fokusert på behovet for styrkt internasjonalt samarbeid, utfordringane ved klimaendringane, finanskrisa, tusenårsmåla, kampen mot seksuelle overgrep, situasjonen i Afghanistan, nedrusting og reform av FN ved mellom anna oppretting av ei likestiltingseining.

3.2 Høgnivåmøte

Klima

Generalforsamlinga vart i år innleidd av Generalsekretærens klimamøte 22. september. Brei deltaking på høgaste nivå, medrekna president Obama, viste at denne saka har hatt svært høg merksemd blant verdsliearane. Sjølv om enkeltland, mellom andre Noreg, nytta høvet til å markere nye målsettingar, gav mangelen på ambisjonar blant dei største utsleppslanda signal om kor vanskelege forhandlingane under klimakonvensjonen og Kyoto-protokolten ville verte i København i desember. Den påfølgjande generalforsamlingsresolusjonen om klima gav, trass i brei semje om alvoret og verdien av å verte samde, heller ikkje noko sterkt politisk, positivt signal til København, slik Noreg og andre likesinna land arbeidde for. Noreg sette likevel preg på arbeidet med klimaspørsmål gjennom arrangementet om reduksjon av utslepp frå avskoging og skogøyelegging (REDD+), der Noreg tok ei leiarrolle.

Midtausten

Under opningsveka leidde utanriksminister Jonas Gahr Støre eit arbeidsmøte i den internasjonale givarlandsgruppa for Det palestinske området (AHLIC). Givargruppa oppfordra partane i konflikten til å vidareføre fredsforhandlingane med forankring i vegkartet for fred. Gruppa roste innsatsen til den palestinske statsministeren Salam Fayyad og den toårige planen hans for ei palestinsk statsdanning, og understreka at denne planen må utgjere plattform for givarkoordinering med palestinske styresmakter.

I høve markeringa av 60-årsjubileet for opprettinga av FN-organisasjonen for palestinske flyktningar (UNRWA) arrangerte UNRWA ei minnemarkering i samband med opninga av generalforsamlinga. Markeringa hadde to substansielle hovuddeklar: ein del med to paneldebattar og eit høgnivåsegment med innlegg på ministernivå. Denne siste delen vart leidd av utanriksminister Støre.

3.3 FN-reform

Reform av bistandsverksemda i FN

Høgnivåpanelet om FN-reform, under leiing av mellom andre statsminister Jens Stoltenberg, la fram rapporten sin til FNs generalforsamling i november 2006. I dei tre åra som har gått, er det sett i verk gjennomgripande omstillingar i FN. Resultata er tydelegast på landnivå. Her har åtte utviklingsland samla dei ulike FN-organisasjonane til eitt kontor med éin leiar, eitt program og eitt budsjett. Over 30 andre land har teke tilsvarende initiativ. Fleire vil følgje. Omstillingane er krevjande, men gevinstane let ikkje vente på seg. I reformlanda er det tydelege teikn på at FN arbeider meir samla, med auka effektivitet, meir målretta innsats, mindre byråkrati, auka innsparingar og betre evne til å levere på tusenårsmåla. Utviklingslanda sjølve understrekar at dei opplever ein større eigarskap til FN. Nøkkelen til suksess ser difor ut til å vere å sikre reformer «nedanfrå og opp», med utviklingslanda sjølve i førarsetet.

FN vert likevel framleis hemma av å vere fragmentert, med tungroddde byråkrati som bremseklossar ved nødvendige omstillingar. Noko av ansvaret for dette ligg hos medlemslanda sjølve, som over tid har etablert stadig nye organisasjonar utan å sanere dei som har «gått ut på dato». FN har likevel eit eige ansvar for å drive effektivt innanfor dei rammene medlemslanda gir. Dette vert det no gjort noko med. Som følgje av tilrådingane frå høgnivåpanelet er det etablert eit tett samarbeid mellom FNs fond, program og særorganisasjonar om harmonisering av administrative ordningar, økonomiregelverk og modernisering av personalforvaltninga. Frukten av desse reformene bør ein kunne hauste dei aller næraste åra.

Eit av de viktigaste reformvedtaka i 2009 var at Generalforsamlinga gav si tilslutning til Høgnivåpanelets forslag til styrking av FN-arbeidet med å fremje likestilling og kvinnerettar. Det vil bli etablert ei ny likestillingseining. Samtidig vert fire organisasjonar sanerte (m.a. UNIFEM). Dette vil bidra til å gi FN ei sterk og samlande røyst med større tyngde. Organisasjonen får eit tydeleg mandat til styrkt innsats for kvinnerettar internasjonalt og til auka kvinneretta bistand til utviklingslanda. Noreg har saman med dei nordiske landa vore ei drivkraft for dette arbeidet.

Reform av Tryggingrådet

Polarisering og stillstand pregar framleis forhandlingane om reform av Tryggingrådet, men det er no brei semje om at dei mellomstatlege forhandlin-

gane ikkje kan først vidare utan ein forhandlingstekst. Forhandlingsleiaren er beden om å utarbeide ein slik tekst, men metoden for arbeidet er enno ikkje avklart. Det er likevel for tidleg å konkludere om ein forhandlingstekst vil påverke den politiske viljen i medlemslanda til å inngå nye kompromiss. Dei reformspørsmåla det er størst semje om, gjeld arbeidsmetodane i Rådet og forholdet til Generalforsamlinga, i tillegg til utviding av talet på medlemmer frå 15 til rundt 25. Det er framleis knytt størst usemje til spørsmål om medlemskategoriar, regional representasjon og bruken av veto. Noreg er av den oppfatninga at ei utviding av Tryggingrådet vil sikre breiare representasjon og styrkje legitimiteten, men det må ikkje gå ut over effektiviteten. Noreg støttar ei utviding med både faste og valde plassar og er òg open for ein tredje kompromisskategori i ein overgangsperiode. Nye faste medlemmer må ikkje få vetorett.

3.4 Globale helsespørsmål

Under høgnivåveka stadfesta Noreg posisjonen sin som ein av dei leiande aktørane på helse. Statsminister Stoltenberg, Storbritannias statsminister Gordon Brown, presidenten i Verdsbanken og Generalsekretæren leidde møtet om finansiering av arbeidet for å nå dei helserelaterte tusenårsmåla med fokus på måla om barnedødstal og mødre-helse.

Oppfølginga av initiativet frå utanriksministeren om global helse og utanrikspolitikk, som vart diskutert for første gong ved den førre sesjonen, vart ytterlegare styrkt gjennom ein resolusjon med konkrete tilrådingar om mellom anna influensa og helsepersonell. Sør-Afrika leidde forhandlingane, med assistanse frå Noreg. Oslo-erklæringa om helse og utanrikspolitikk har dermed slått rot i FN og samtidig engasjert land som USA, Kina og Japan, som frå før ikkje er ein del av initiativet. Trass i at saka tok opp svært kontroversielle tema, som produksjon og tilgang til vaksiner, viser denne suksessen at brei forankring på tvers av tradisjonelle grupperingar verkar samlande i spørsmål der det finst svært forskjellige interesser.

3.5 FNs tusenårsmål

I september 2000 vedtok FNs generalforsamling Tusenårserklæringa. Den inneheld åtte mål for arbeidet med global fattigdomsreduksjon. Måla er blitt eit vegkart og eit rammeverk for multilateralt og bilateralt utviklingsarbeid i dei fattige landa mot

2015. Generalforsamlinga vedtok i desember å halde eit nytt toppmøte i forkant av opninga av generaldebatten under den 65. generalforsamlinga i september 2010. Formålet med toppmøtet vil vere å sikre ein global handlingsplan for å nå tusenårs-måla innan 2015.

3.6 Fredsbyggingskommisjonen

Fredsbyggingskommisjonen (PBC) er eit rådgjevande organ under Tryggingrådet og Generalforsamlinga. Kommisjonen starta arbeidet sitt i juni 2006 og skal samle alle relevante aktørar for å mobilisere ressursar og støtte utviklinga av integrerte strategiar. Vidare skal dei gi råd og informasjon for å betre koordinering og gjenreising i land etter konflikt. Saman med eit fredsbyggingskontor og eit fredsbyggingsfond under generalsekretæren utgjer kommisjonen den nye fredsbyggingsarkitekturen i FN. Fredsbyggingskontoret skal mellom anna støtte kommisjonen, utføre strategisk arbeid og administrere fredsbyggingsfondet. Noreg har skote inn 200 millionar kroner i fondet.

Hausten var prega av at ein såg fram mot ein større gjennomgang av Fredsbyggingskommisjonen i 2010. Då skal den samla evna i FN til å bidra til fredsbygging vurderast. Frå norsk side har vi hatt eit godt samarbeid med dei nordiske landa når det gjeld prioriteringar for denne gjennomgangen, noko som m.a. kom til uttrykk gjennom fellesnordiske innlegg om fredsbygging både i Generalforsamlinga og Tryggingrådet i haust. Noreg gjekk føre i arbeidet med å utforme innlegga, som m.a. fokuserte på verdien av strategisk tenking, behovet for å styrkje rolla til Fredsbyggingskommisjonen overfor Tryggingrådet, styrking av FN-leiinga i felt, betring av samarbeidet mellom FN og Verdsbanken, i tillegg til ivaretaking av kjønnsperspektivet og verdien av lokal eigarskap.

3.7 Humanitære spørsmål

Det humanitære arbeidet i 2009 vart i New York sterkt prega av tre væpna konflikhtar første halvår: Gaza, Sri Lanka og den militære operasjonen i det nordvestlege Pakistan. Dessutan førte tiltalen som Den internasjonale straffedomstolen (ICC) tok ut mot Sudans president Omar al-Bashir, og den etterfølgjande utkastinga frå Sudan av ei rekkje humanitære organisasjonar, til ytterlegare utfordringar. I tillegg til dei operasjonelle problema som oppstod i desse fire sakene, påverka dei alle det humanitærpolitiske klimaet og kompliserte arbeidet med uni-

versalisering av dei humanitære prinsippa og respekt for humanitærretten. I samsvar med Stortingsmelding 40 (2008-2009; Norsk humanitær politikk) la delegasjonen vekt på å søkje dialog med ikkje-vestlege land i det humanitære arbeidet, slik at vi på denne måten kan bidra til auka ikkje-vestleg engasjement og eigarskap til internasjonalt humanitært samarbeid og humanitære prinsipp. Vi var ikkje åleine om denne tilnærminga, og særleg Sverige – i haust òg som EU-formannskap – var ein viktig alliert og støttespelar her. Likevel kan vi slå fast at sentrale vestlege aktørar framleis heng etter i tenkinga si og i for stor grad ser på seg sjølve som eigarar av og premissleverandørar for internasjonalt humanitært samarbeid.

Denne problemstillinga kom ikkje berre til syne ved at ho svekte FN si evne til å tale med éi røyst i enkeltsaker med openbare brot på menneskerettane og humanitærretten, men ho sto òg i vegen for vesentlege framsteg i normutviklinga. I diskusjonane vert ofte behovet for tilgang til dei nødlidande sett opp mot suvereniteten til landa. Ikkje desto mindre har det normative FN-rammeverket for humanitært arbeid gjort framsteg dei seinare åra. Dette er ikkje minst viktig innanfor humanitær nedrusting, der Noreg dei siste åra har gått i front og sikra avgjerande gjennombrøt med konvensjonen om klaseammunisjon og kontinuerleg innsats mot landminar. På desse områda har den operasjonelle verksemda til FN, ved m.a. UNDP og UNICEF, stått sentralt. Noreg, som komande president for Minekonvensjonen, og Colombia, som vertsland for den andre tilsynskonferansen for Minekonvensjonen, var vertskap for eit arrangement om Minekonvensjonen under høgnivåveka.

Noreg fremja synspunkta sine både gjennom eigne arrangement og i relevante resolusjonsforhandlingar. Blant desse inngår omnibusresolusjonen om humanitær bistand, resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og FN-personell, og resolusjonen om humanitær bistand i naturkatastrofar, medrekna overgangen mellom nødhjelp og meir langsiktig bistand. Alle desse vert behandla i plenum i Generalforsamlinga. Resolusjonen om støtte til arbeidet i UNHCR er ein felles nordisk resolusjon, som vert fremja i 3. komité.

3.8 Regionale konflikhtar

Midtausten

Dagsordenpunkta om Midtausten og situasjonen for palestinarane følgde same mønster som tidlegare år. Som vanleg var forhandlingane prega av

polarisering der spesielt arabiske land nytta høvet til einsidig å kritisere Israel.

Temperaturen i Generalforsamlinga steig etter at behandlinga av den såkalla Goldstone-rapporten vart oversend frå Menneskerettsrådet i november. Rapporten har fått namn etter den sørafrikanske dommaren Richard Goldstone som leidde den uavhengige undersøkingskommisjonen frå FNs menneskerettsråd som granska påstandar om brot på menneskerettane og humanitærretten i samband med Gaza-krigen.

Dei arabiske landa la opp til full støtte til heile innhaldet i Goldstone-rapporten. Sjølv om rapporten er god og grundig, har den òg svake punkt. Noreg fremja difor eit konkret forslag som ville gjort det mogeleg for mange vestlege land å røyste for. Palestinarane var positive til dette, men blei i siste minutt nedstemde i den arabiske gruppa. Den arabiske gruppa stilte deretter Generalforsamlinga overfor eit ultimatum som Noreg, og mange andre vestlege land, ikkje kunne bøye seg for. Noreg avstod i siste instans, men resolusjonen om full støtte til rapporten vart likevel vedteken. Generalsekretæren la i februar 2010 fram ein rapport for Generalforsamlinga om kva tiltak israelsk og palestinsk side hadde sett i verk for å etterforske og felle dom over mogelege overgrep under Gaza-krigen. Palestinarane la fram eit forslag til resolusjon der Generalsekretæren vart beden om å fortsetje å overvake etterforskinga til partane og rapportere innan juli 2010. Utkastet var moderat og på linje med tidlegare forslag frå norsk side, og Noreg og fleire vestlege land røysta for.

Afghanistan

Etter lange forhandlingar vart den årlege resolusjonen om situasjonen i Afghanistan godkjend med konsensus i november. 108 land stilte som medforslagsstillarar, medrekna Noreg. Den årlege FN-resolusjonen om situasjonen i Afghanistan er det fremste tilfellet der FN tek eit heilskapsgrep om Afghanistan utanom Tryggingrådet. Resolusjonsforhandlingane stadfesta likevel kjende interesse-motsetningar mellom Russland, Kina, Libya og Iran på den eine sida og vestlege land på den andre. Utanom drap på sivile vart kvinnerettane eit spesielt sensitivt tema denne gongen. Noreg bidrog aktivt i forhandlingane og fokuserte spesielt på menneskerettar, mellom anna ytringsfridom, der språket vart skjerpa. Den vedtekte resolusjonsteksten er lang og omfattande, men understrekar den breie semja i det internasjonale samfunnet om situasjonen i Afghanistan. Resolusjonsutkastet er i tråd med Noregs syn på situasjonen i Afghanistan.

Plenumsdebatten var prega av terrorangrepet mot FN i Kabul 28. oktober og godkjenninga av Karzai som den nye presidenten i landet. Noreg peikte m.a. på at den nye afghanske regjeringa må oppnå betre resultat på område som godt styresett, kamp mot korrupsjon og menneskerettar.

Som venta avsluttar Kai Eide den toårige perioden sin som spesialrepresentant for generalsekretæren i Afghanistan i mars 2010. Eide har brei støtte og haustar mange lovord frå FN og Tryggingrådet for innsatsen. Dette gjeld særleg arbeidet med å styrkje koordineringa av den sivile støtta, i tillegg til innsatsen med å byggje opp ein politisk strategi for å styrkje afghansk kapasitet og eigarskap.

3.9 Havretts- og fiskerispørsmål

Havretts- og fiskerispørsmål

Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ein ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Det norske innlegget tok for seg utfordringar knytte til klimaspørsmål og Arktis, botnfiske, ulovleg, uregulert og urapportert fiske, piratverksemd og avgrensing av yttergrensa for kontinentalsokkelen.

Forhandlingane om fiskeriresolusjonen hadde i år eit fokus på vern av biologisk mangfald ved botnfiske på ope hav. Generalforsamlinga gjekk gjennom oppfølginga i dei ulike statane av enkelte tilrådingar om botnfiske frå 2006. Det var brei semje om at desse tilrådingane framleis måtte gjelde, men at statane, i alle fall i ein del havområde, måtte styrkje den faktiske gjennomføringa og respekten for desse tilrådingane. Tilrådingane legg opp til at det må gjennomførast konsekvensanalysar for å avdekkje om botnfisket kan skade sårbare område, før fisket tar til. Frå norsk side var det viktig at det framleis vart skilt mellom behovet for konsekvensanalysar i område der det tidlegare har vore fiska, og i nye fiskeriområde.

Forhandlingane om havrettsresolusjonen var òg i år delvis prega av polarisering mellom G77 og vestlege land. G77 kunne til dømes ikkje engasjere seg i forhandlingar om mandatet til ein viktig, årleg konferanse om havrettslege spørsmål før heilt i sluttspurten av forhandlingane. Haldninga i G77 til multilaterale forhandlingar om hav- og fiskerispørsmål ser ut til å vere prega av sterk skepsis og av ei oppfatning om at vestlege land set dagsordenen for å trekkje med seg utviklingsland i eit samarbeid der dei ikkje har oversyn over konsekvensane.

Eit viktig innsatsområde for Noreg er avgrensing av kontinentalsokkelen for statar der denne strekkjer seg utover 200 nautiske mil. Ei avklaring av yttergrensa av sokkelen er viktig for å få ein klar folkerett, men kan òg ha store positive følgjer for utviklinga til ein stat. For mange utviklingsland er det ei stor utfordring å dokumentere eigen sokkel, og støtte til utviklingsland er difor heilt nødvendig. Noreg er den viktigaste bidragsytaren til eit FN-fond som yter slik støtte.

Piratverksemd har fått auka merksemd i FN etter kvart som fleire skip har blitt angripne utanfor Somalia. Havrettsresolusjonen erkjenner problemet og oppfordrar til tett samarbeid på alle nivå for å slå ned piratverksemd. Likevel er det FNs tryggingråd som gjennom året har vore leiande på dette området, særleg gjennom vedtaking av resolusjonar som opnar for bruk av makt mot piratar i somalisk farvatn og basane deira på land. Slik maktbruk krev mellom anna eit generelt samtykke frå somaliske styresmakter. Det vert òg gjort eit viktig arbeid for å styrkje og koordinere innsatsen mot piratverksemd i kontaktgruppa for piratverksemd utanfor Somalia, som vart oppretta i tryggingrådsresolusjon 1851.

Som før stod Noreg som medforslagsstillar til begge resolusjonane: Fiskeriresolusjonen blei vedteken ved konsensus, havrettsresolusjonen med overveldande fleirtal.

3.10 Terrorisme

Eit viktig tiltak for å styrkje FN-innsatsen mot terrorisme vart gjort då den koordinerande eininga for kamp mot terrorisme i FN fekk trygge finansielle og administrative rammer for verksemda si. Det har ikkje vore framdrift i forhandlingane om ein generell terrorismekonvensjon og definisjonen av terrorisme.

3.11 Dei internasjonale domstolane

Den internasjonale domstolen i Haag

Den internasjonale domstolen i Haag er eit av hovudorgana i FN og gir ein årleg rapport til Gene-

ralforsamlinga om verksemda si. Presidenten for domstolen, Hisashi Owada frå Japan, understreka det høge aktivitetsnivået i domstolen, noko som stadfestar at domstolen er relevant og viktig for fredeleg løysing av tvistar mellom statar. Det er likevel eit potensial for ytterlegare styrking av denne rolla, sidan fleire land på generelt grunnlag bør akseptere at domstolen har kompetanse til å avgjere dei folkerettslege tvistane deira. Det knyter seg elles stor interesse til den rådgjevande fråsegna frå domstolen om kosovoalbanarane si sjølvstendeerklæring frå 2008 er lovleg. Fråsegna, som ikkje er rettsleg bindande, er venta å kome våren 2010.

Den internasjonale straffedomstolen

Domstolen er fullt ut operativ, og vedtektene har no 110 partar. Den nye presidenten for domstolen, sørkoreanaren Sang-Hyun Song, la fram rapporten frå domstolen, og nemnde kort status i dei fire situasjonane som er til behandling i domstolen, nemleg Uganda, Darfur, Den demokratiske republikken Kongo og Den sentralafrikanske republikken. Han påpeikte òg det viktige i at statar samarbeider effektivt med domstolen, då ein elles ikkje kan pågripe eller straffefølgje dei tiltalte. Noreg uttrykte full støtte til arbeidet i domstolen og oppfordra særleg Sudan, som avviser at domstolen har kompetanse over situasjonen i Darfur, til å gjennomføre dei folkerettslege forpliktingane sine fullt ut.

Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Rwanda (ICTR)

Presidentane for dei to tribunala tok føre seg strategiane for å avslutte arbeidet ved domstolane. Ei vellukka slutføring av mandata er avhengig av tilstrekkeleg samarbeid frå statane og av at alle tiltalte blir arresterte og overleverte til domstolane. Sentrale tema for domstolane og medlemslanda i FN er kva mekanismar som må behaldast for å sikre at dei som ber det største ansvaret for dei alvorlege overgrepene i det tidlegare Jugoslavia og Rwanda, ikkje får gå ustraffa. Det må òg etablerast ordningar som gjer at arkiva til domstolane er tilgjengelege for ettertida. Noreg rosa domstolane for arbeidet og gav dei på ny si fulle støtte.

4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

4.1 Debattane

Generaldebatten i år var langt meir positiv enn tidlegare år. Mange av innlegga tok til orde for ei kjernevåpenfri verd. Samtidig var det få forslag til konkret handling. Det er interessant å notere at medan vestlege land viste til tryggingsrådsresolusjon 1887 (24. september 2009) om kjernefysisk nedrusting og ikkjespriing, uttrykte fleire av landa i den alliansefrie rørsla (NAM) djup skepsis til denne resolusjonen med den grunngjevinga at han ikkje var lagd fram for dei andre medlemslanda i FN for kommentarar.

Av dei ulike innlegga var det verd å merkje seg USAs innlegg under den tematiske debatten om kjernevåpen, som viste ei markant endring frå innlegga i tidlegare år. Innlegget hadde ein klar nedrustingsprofil der målsetjinga om avskaffing av kjernevåpen vart nemnd fleire gonger. Det var òg interessant at USA hadde ein relativt lågmælt omtale av Nord-Korea og Iran. Det russiske innlegget slutta òg opp om målsetjinga om ei kjernevåpenfri verd, men stilte ei rekkje føresetnader, mellom anna balanse i konvensjonelle våpen, ikkjeutvikling av strategisk missilforsvar og heller ikkje utplassering av våpen i det ytre rommet.

Noreg heldt eitt hovudinnlegg og fire tematiske innlegg om høvesvis kjernevåpen, konvensjonelle våpen, andre masseøydeleggingsvåpen og nedrustingsmaskineriet. Hovudinnlegget vart lagt merke til på grunn av den tydelege budskapet om at det trengst djuptgripande endringar i det mellomstatlege nedrustingsmaskineriet. Ein annan sentral norsk budskap var kor viktig det er å få eit positivt utfall av tilsynskonferansen for avtalen om ikkjespriing av kjernevåpen (NPT) våren 2010. I det tematiske innlegget om kjernevåpen vart det fremja forslag til konkrete tiltak under dei tre pilarene i NPT-konvensjonen (nedrusting, ikkjespriing, fredeleg bruk). Viktige budskap i dei andre innlegga var at ein må trekkje på dei positive erfaringane frå humanitær nedrusting, særleg minekonvensjonen og konvensjonen om klaseammunisjon, i tillegg til at det er nødvendig å få på plass ein robust og effektiv våpenhandelsavtale (ATT). Vidare vart det lagt vekt på at det sivile samfunnet

må ta del i nedrustingsarbeidet, og på at partnerskap og nettverk på tvers av regionane må styrkjast.

4.2 Kjernevåpen og andre masseøydeleggingsvåpen

Av resolusjonane om kjernefysisk nedrusting var det knytt mest spenning til avrøystinga over Japans resolusjon om ei kjernevåpenfri verd og ein liknande resolusjon som vart fremja av Ny agenda-kolisjonen (Brasil, Egypt, Irland, Mexico, New Zealand, Sverige og Sør-Afrika). Ny agenda-resolusjonen fekk langt meir støtte enn tidlegare. Det var ei stund håp om at USA skulle endre røystinga si på denne resolusjonen, men dei valde å røyste imot i år òg. USA var likevel medforslagsstillar på Japans resolusjon.

Også i år var Malaysia-resolusjonen om ein konvensjon som forbyr bruk av kjernevåpen, oppe til votering. Noreg røysta imot, men valde i år å halde ei røysteforklaring der vi m.a. sa oss samde i målet om avskaffing av kjernevåpen, men at fokuset no måtte vere på NPTs tilsynskonferanse i 2010.

Etter fleire forhandlingsrundar med Pakistan lukkast Canada i å få på plass ein resolusjonstekst om at det er ønskjeleg å kome fram til ein avtale som forbyr produksjon av spaltbart materiale for våpenformål (FMCT). Resolusjonen blei vedteken ved konsensus.

Australia, New Zealand og Mexico står bak den årlege resolusjonen som understrekar kor viktig prøvestansavtalen (CTBT) er, og oppmodar medlemslanda til å underteikne og ratifisere avtalen. USA endra i år røystinga si og røysta for denne resolusjonen. Det var berre Nord-Korea som røysta imot, medan India, Mauritius og Syria avstod.

Det er òg verd å merkje seg at Russlands resolusjon om openheit rundt aktivitetar i det ytre rommet, i motsetning til tidlegare år, vart vedteken ved konsensus. USA valde å avstå, men uttrykte i røysteforklaringa at dei var nøgde med dei bilaterale samtalane med Russland.

Det var elles full konsensus om resolusjonane til konvensjonen om kjemiske våpen (CWC) og konvensjonen om biologiske våpen og toksinvåpen (BWC). I forkant av debatten om andre masseødeleggingsvåpen heldt den avtroppande generalsekretæren for Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen (OPCW), Rogelio Pfirter, avskilstalen sin til 1. komité. Iran stilte spørsmål om destruksjonsforpliktingane til USA og Russland under OPCW og tidsfristen i 2012 for fullstendig destruksjon, og Pfirter framheva då den sterke politiske viljen i både USA og Russland til å gjennomføre destruksjonsforpliktingane.

4.3 Konvensjonelle våpen

Forhandlingane rundt resolusjonen om ein våpenhandelsavtale (ATT) vekte mest interesse under årets sesjon av 1. komité, og dette vart òg den mest omstridde og arbeidskrevjande resolusjonen. Hovudårsaka var kravet frå USA om at ein slik avtale skal vere basert på konsensus. Dette kravet vart akseptert av forslagsstillarane til resolusjonen. Fleire land, mellom anna Noreg, stilte seg negative til denne konsensusparagrafen, sidan dei frykta at paragrafen ville opne opp for at land kan leggje ned

veto og dermed blokkere eller vatne ut ein endeleg traktattekst. Trass i intensivt arbeid, særleg frå Tyskland si side, vart dette konsensuskravet ståande i den endelege resolusjonsteksten, som vart vedteken med klart fleirtal. Noreg røysta for resolusjonen, men valde saman med fleire andre land å halde røysteforklaring der det vart uttrykt klare motførestillinger mot konsensusprinsippet.

Også i år avdekte spørsmålet om klaseammunisjon og miner eit klart skilje mellom dei landa som støttar opp om klasevåpen- og minekonvensjonane, og det mindretallet som meiner at desse våpna berre skal handterast innanfor ramma av konvensjonen om inhumane våpen (CCW). Mineresolusjonen vart som tidlegare vedteken ved fleirtal. I resolusjonen om konvensjonen om klasevåpen vart det gitt mandat til at Laos arrangerer det første statspartismøtet i 2010.

Noreg stilte i røysteforklaringa si til resolusjonen om konvensjonen om inhumane våpen (CCW) mellom anna spørsmål ved logikken bak at CCW framleis skal jobbe fram gjennomføringsmekanismar for klasevåpen når det allereie finst ein klasevåpenkonvensjon. Vidare tok Noreg til orde for at det trengst ein djuptgripande diskusjon om eventuelle område der CCW kan ha ein tilleggssverdi i framtida.

5 Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

5.1 Generelt

I juni 2009 vart FN-konferansen om finanskrisa og utvikling halden. Konferansen vart ikkje det gjennombrøtet for FNs rolle som premissleverandør for reformer av IMF og Verdsbanken som mange utviklingsland hadde argumentert for. Land som Cuba, Nicaragua og Venezuela var svært kritiske til at sluttdokumentet ikkje gav FN auka innverknad på dei internasjonale finansinstitusjonane. Det konfronterande forhandlingsklimaet som prega finanskrisa, sette òg sitt preg på arbeidet i 2. komité. Landa i sør, representerte av Sudan (G77), hadde steile haldningar på spørsmål knytte til gjeld, handel og finans. Landa på venstresida i Latin-Amerika heldt fram med aukande styrke med å fremje ein aktivistisk profil med brodd mot nord. Kina markerer seg òg stadig på same banehalvdel, saman med fleire afrikanske land som med veksande styrke krev mindre grad av innblanding i forholda sine. På den andre sida søkjer eit aukande tal utviklingsland ein meir konstruktiv dialog. Dette fører til stadig tydelegare spenningar og interessekonflikter internt i G77. Snart er det fleire saker som splittar enn som samlar utviklingslanda. Motvekta til G77-landa sine posisjonar har tradisjonelt vore USA. USA har no gått over til meir fleksible haldningar i ei lang rekkje saker, og EU har overteke denne rolla.

Komiteen behandla 42 resolusjonar i tråd med mønsteret frå tidlegare år. Trass i det tøffe forhandlingsklimaet kunne Noreg glede seg over framgang på fleire viktige område:

5.2 Fattiges tilgang til lov og rett

For første gong vedtok Generalforsamlinga ein substansiell resolusjon om fattiges tilgang til lov og rett, som slo fast korleis og kvifor tilgang til lov og rett kan vere ein veg ut av fattigdom. Noreg har fungert som ein pådrivar i saka i fleire år. Alliansen med sentrale utviklingsland vart vidareført i forhandlingane i haust. Resolusjonen er ein vegvisar for utviklingsland i arbeidet med å utvide tilgangen

til lov og rett og gir eit grunnlag for auka bistand på området.

5.3 Kvinner og utvikling

Noreg blei lagd merke til i drøftinga i Generalforsamlinga om kvinner og likestilling og i drøftinga om økonomisk og sosial utvikling i 2. komité. Her arbeidde vi aktivt for å auke forståinga av den samfunnsøkonomiske gevinsten som følgjer av likestilling mellom kvinner og menn. Dei norske erfaringane, posisjonane og argumenta fekk i stor grad gjennomslag i FNs eigne bidrag til dette arbeidet. Årets FN-rapport om kvinner si rolle i økonomisk utvikling er eit godt eksempel på dette og ein svært nyttig referanse i det vidare arbeidet.

5.4 Berekraftig utvikling

Det blei vedteke å arrangere ein ny FN-konferanse om berekraftig utvikling i Brasil i 2012. Frå norsk ståstad er det positivt at konferansen får eit framtidretta fokus på «grøn økonomi» og det institusjonelle rammeverket for berekraftig utvikling, og at fokuset ikkje vert sett på finansiering slik det lenge låg an til. For å få til dette vart det inngått eit kompromiss med utviklingslanda som sikra at konferansen også får eit tilbakeskodande blikk. Det vart òg vedteke å halde to nye høgnivåmøte i samband med neste sesjons generaldebatt, eit om små øystatar og eit anna i samband med året for biologisk mangfald (2010).

5.5 Korrupsjon

Korrupsjonsdebatten i 2. komité behandlar temaet frå eit utviklingsperspektiv. Resolusjonen byggjer opp under konvensjonen mot korrupsjon. På årets generalforsamling viste det seg, på same måte som i fjor, at land frå sør er spesielt opptekne av tilbakeføring av midlar og prøvde å dreie resolusjonen i ei retning der det vart lagt større vekt på dette enn på andre tema. Frå norsk side vart det arbeidd for at

Noregs deltaking i den 64. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 63. generalforsamlinga i FN

resolusjonsteksten skal byggje opp om heile konvensjonen på ein balansert måte. Dette vart gjort i samarbeid med likesinna land. Under statsparts-møtet for korrupsjonskonvensjonen i november fekk Noreg gjennomslag for ein gjennomføringsmekanisme for konvensjonen. Denne utviklinga

vart reflektert i resolusjonsteksten i år, noko det vart lagt vekt på frå norsk side i forhandlingane. Trass i steile frontar under forhandlingane i år fekk Noreg gjennomslag for dei fleste tekstforslaga som vart fremja frå vår side.

6 Menneskeretts- og sosiale spørsmål (3. komité)

6.1 Generelt

Som følge av regjeringsskiftet i Washington stod USA på ny nærare Europa i sentrale verdispørsmål som vart behandla i 3. komité. Samtidig gjorde nyorienteringa i Washington dei tradisjonelle skiljelinjene i komiteen mellom land i nord og sør om mogeleg endå klarare. Nord-sør-delinga var tydeleg mellom anna i resolusjonane om retten til utvikling, rasisme og ærekrenking av religionar, i tillegg til omtalen av rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar både i resolusjonen om terrorisme og i resolusjonen om traktatane om sivile og politiske rettar og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Etter forslag frå den arabiske gruppa vart dei to paragrafane som omtalte ikkje-diskriminering av lesbiske og homofile i den sistnemnde resolusjonen, strokne, og resolusjonen med denne justeringa vart vedteken i plenum med røystetala 185-0-0.

Noregs hovudinnlegg i 3. komité omhandla i hovudsak kvinnerettar, mellom anna kampen mot seksualisert vald. Vidare vart det lagt vekt på ytringsfridom, i tillegg til omtalen av dei to resolusjonane frå Noreg om menneskerettsforkjemparar og internt fordrivne. Den høge profilen til Noreg i komiteen vart sikra gjennom at vi leidde desse to resolusjonsforhandlingane.

6.2 Menneskerettssituasjonen i enkeltland

Landresolusjonane om Iran, Nord-Korea og Burma vart, i motsetning til tidlegare år, ikkje forsøkt avviste ved fremjing av ikkjebehandlingsforslag. Dette kan vitne om større aksept for at ein bør kunne behandle landsituasjonar i komiteen, men det kan òg ha hatt utspring i brei misnøye med måten dei iranske styresmaktene handterte presidentvalet i sommar på. Noreg var medforslagsstilar til dei tre resolusjonane, som er blant dei mest kontroversielle på Generalforsamlinga. Resolusjonane vart vedtekne.

6.3 Rasisme

Dagsordenspunktet om kamp mot rasisme var kanskje den største skuffelsen i komiteen. Alle landa i denne gruppa – Vestgruppa – valde anten å røyste imot eller å avstå i omnibusresolusjonen om oppfølging av Durban-konferansen, hovudsakleg på grunn av sørafrikansk uvilje til å kome synspunkta til moderate vestlege land i møte. Noreg avstod. Samtidig stod Noreg som medforslagsstilar til resolusjonen som vedtok sluttdokumentet og oppfølging av tilsynskonferansen i vår («Durban II»), der Noreg spelte ei framtrедande rolle.

6.4 Ærekrenking av religion

Resolusjonen frå Organisasjonen av islamske statar (OIC) om ærekrenking av religion vart på nytt vedteken, om enn med noko svekt oppslutning. OICs manglande vilje til å ta inn sjølv konstruktive forslag som ikkje gjekk imot formålet i resolusjonen, vitnar om både forhandlingsslitasje og tilstivna frontar. Noreg røysta, saman med andre vestlege og eit aukande tal latinamerikanske land, imot resolusjonen på grunn av den implisitte innnevringa av ytringsfridomen.

6.5 Menneskehandel

Generalforsamlinga tok eit nytt skritt i retning av ein global handlingsplan mot menneskehandel ved å vedta ein resolusjon som noterte seg vedtaket frå Generalforsamlingspresidenten om å oppnemne tilretteleggjarar for utarbeidinga av ein slik plan. EU er splitta i synet på handlingsplanen, medan Noreg, på same måte som eit fleirtal i EU, tok kraftig til orde for å styrkje gjennomføringa av Palermo-protokollen om menneskehandel.

6.6 Barns rettar

Etter at Noreg, Sveits og New Zealand trekte seg som medforslagsstillarar til barneresolusjonen

under generalforsamlinga i fjor i protest mot ein uoversiktleg prosess, utvikla årets resolusjon under svensk leiing seg i positiv retning. Resolusjonen var i år vigd barns medverking, eit tema Noreg i lang tid har ivra for å få høgare opp på dagsordenen til Generalforsamlinga. Årets resolusjonstekst var langt kortare og meir poengtert, slik at det vart større merksemd rundt årets tema. USA, som ikkje er part i barnekonvensjonen, valde for første gong på åtte år å slutte seg til konsensus, trass i mange og sterke referansar til konvensjonen i resolusjonsteksten.

6.7 Kamp mot vald mot kvinner

Kamp mot seksuell vald i væpna konflikt var ei anna høgt prioritert sak for den norske delegasjonen under haustens generalforsamling. Denne problemstillinga står rett nok formelt på Tryggingrådetets dagsorden, gjennom tryggingrådsresolusjonane 1325, 1820, 1888 og 1889, men ho er òg relevant for arbeidet i Generalforsamlinga. Noreg følgde aktivt opp dette sakskomplekset for å sikre konsistens mellom vedtaket i Tryggingrådet og

vedtak i Generalforsamlinga, mellom anna i resolusjonen om kamp mot vald mot kvinner, som blei behandla i 3. komité.

6.8 Vern for menneskerettsforkjemparar

I Generalforsamlinga er legitimiteten til og behovet for vern for menneskerettsforkjemparar nokre av dei mest kontroversielle tema. Noreg leidde vanskelege forhandlingar om resolusjonen fram til konsensusvedtak. Sentralt i forhandlingane stod sikring av retten til ytrings- og forsamlingsfridom for menneskerettsforkjemparar.

6.9 Internflyktningar

Under norsk leiing vedtok Generalforsamlinga ein ny resolusjon om internflyktningar (internt fordrivne) som gir auka merksemd til samanhengen mellom klimaendringar og menneske på flukt i eige land.

7 Avkolonisering og fredsbevarande operasjonar (4. komité)

7.1 Generelt

Som tidlegare år vart debatten i 4. komité dominert av Midtausten og FNs fredsbevarande operasjonar. Minerydding blei òg prioritert av Noreg. Spørsmålet om avkolonisering av dei 16 resterande ikkje-suverene territoria står framleis på dagsordenen, men ber preg av liten framgang. Vest-Sahara fekk størst merksemd.

7.2 Vest-Sahara

Trass i den breie støtta til FN-innsatsen for å vidareføre forhandlingane mellom partane i konflikten er det framleis usemje om innhaldet i prosessen. Etter nokre dagars utsetjing vart FN-resolusjonen om Vest-Sahara vedteken ved konsensus. Den nye resolusjonen er ei teknisk oppdatering av resolusjonen frå 2008, men inneheld ein ny referanse til den positive innsatsen til FNs spesialutsending Ross. Det var til å byrje med stor usemje mellom Marokko og Algerie om det føreslåtte resolusjonsutkastet. Det gjaldt mellom anna referansar til tryggingrådsresolusjon 1871 (2009), spesielt «den menneskelege dimensjonen», noko Marokko stilte seg kritisk til. I staden ønskte Marokko så få endringar som mogeleg, men stilte seg positiv til ei tilvising til «realisme og vilje til kompromiss» i tryggingrådsresolusjon 1871 som Marokko tolkar som eit argument mot sjølvstende for Vest-Sahara, noko Algerie avviser. Takka vere aktiv innsats frå FNs spesialutsending Ross vart det til slutt semje mellom Marokko og Algerie om den nye resolusjonen.

7.3 Midtausten

Debatten om Midtausten og behandlinga av de ni faste resolusjonane følgde eit kjent mønster for FNs behandling av Midtaustenspørsmålet, der dei fleste arabiske landa nytta høvet til einsidig å kritisere Israel. Sjølv om palestinarane erkjenner at resolusjonane i 4. komité har få praktiske konse-

kvensar for fredsforhandlingane, ser dei og den arabiske gruppa likevel på resolusjonane som viktige symbolske markørar og som ein måte å bli høyrte på.

Forhandlingane om resolusjonane vart likevel meir langvarige og intense i år enn tidlegare som følgje av den forverra situasjonen i Midtausten, mellom anna Gaza-krigen og oppfølginga av Goldstone-rapporten.

I debatten om UNRWA var fokuset på den prekære økonomiske situasjonen i organisasjonen og på dei negative humanitære konsekvensane for palestinske flyktningar i Gaza som følgje av krigen og den israelske blokaden av Gaza.

UNRWA understreka at situasjonen for palestinske flyktningar på Vestbreidda var langt betre enn i Gaza, men at 40 % av territoriet på Vestbreidda i praksis var utilgjengeleg for palestinske flyktningar som følgje av israelske vegsperringar og hindringar. Det var framleis ikkje oppnådd semje mellom FN og Israel om kompensasjon for øydelagt FN-materiell i samband med krigshandlingane i Gaza.

UNRWA forventa eit gap i det regulære budsjettet for 2009 på USD 84 millionar og oppfordra medlemslanda i FN til å sørge for at fleire av dei internasjonale stillingane i UNRWA blei finansierte over det regulære FN-budsjettet (14 stillingar).

Noreg understreka i sitt innlegg at det er nødvendig å utvide gruppa av givarar, spesielt G20 og arabiske land, slik at ein kan sikre ei betre byrdefordeling og meir påliteleg finansiering av det regulære UNRWA-budsjettet.

Som rapportør for arbeidsgruppa for finansiering av UNRWA gav Noreg òg ei orientering til komiteen. Arbeidsgruppa oppmoda mellom anna FNs generalsekretær om å rapportere til Generalforsamlinga snarast om den organisatoriske kapasiteten i UNRWA.

7.4 Fredsbevarande operasjonar

Bakteppet for debatten i 4. komité om FNs fredsoperasjonar var dei vedvarande utfordringane FN

står overfor når det gjeld denne innsatsen: Operasjonane blir stadig større, samtidig som mandata blir stadig meir komplekse og utfordringane i felten meir krevjande. Samtidig er det ei stor utfordring å skaffe kvalifisert personell, særleg på sivil side, og også dei nødvendige materielle ressursane, spesielt fly og helikopter.

Det vart ikkje oppretta nye operasjonar under FN-leiing i 2009. Operasjonen i Tsjad og Den sentralafrikanske republikken vart likevel utvida ved at FN 15. mars 2009 overtok ansvaret for den militære komponenten som fram til då hadde vore leidd av EU. Totalt hadde FN ved utgangen av året ansvar for 15 fredsbevarande operasjonar med rundt 120 000 personar frå 115 land. Budsjettet for FNs fredsbevarande operasjonar aukar stadig og var i 2009 på USD 7,75 milliardar.

Leiaren for FNs avdeling for fredsbevarande operasjonar (DPKO), visegeneralsekretær Alain Le Roy, trakk fram at det må utviklast praktiske retningslinjer for korleis ein skal gjennomføre fredsbevarande operasjonar, byggjast kapasitetar som er tilpassa dei aktuelle mandata, og ikkje minst opprettast eit meir konsultativt og effektivt system for planlegging og oppfølging av operasjonane. Sjefen for FNs avdeling for feltstøtte (DFS), visegeneralsekretær Susan Malcorra, var i sitt innlegg oppteken av behovet for å fornye FNs logistikkssystem. Logistikken må tilpassast livsløpet i operasjonane i større grad enn i dag. I tillegg var ho klar på at tryggleik for FN-personell må stå i fokus.

Dei fleste medlemslanda ønskte tettare dialog mellom Tryggingrådet som mandatgivar og dei ulike troppe- og politibidragstane nasjonane som utfører mandata i felten. I generaldebatten vart det gitt uttrykk for generell tilslutning til forslaget frå FN-sekretariatet til reform av FNs fredsoperasjonar slik dette var blitt presentert i den uformelle såkalla New Horizon-rapporten, som vart lagd fram i juli 2009. Samtidig var det tydeleg at dei ulike regionale grupperingane tolka innhaldet forskjellig. Tema som vern av sivile, robust fredsbevaring og kapasitetsdriven tilnærming gjekk att i dei fleste innlegga. Dei alliansefrie landa (NAM) fokuserte spesielt på at FNs fredsbevaring må byggje

på dei grunnleggjande prinsippa om samtykke frå partane, nøytralitet og bruk av makt berre i sjølvforsvar. Det er grunn til å tru at det vil bli omfattande debatt om gjennomføringa av reformforslaga, mellom anna i samband med 2010-sesjonen i FNs spesialkomité for fredsoperasjonar, ein underkomité under 4. komité. Verdien av regionalt samarbeid og styrkt kopling mellom fredsbevaring og fredsbygging gjekk òg att i mange innlegg.

Noreg fokuserte på vern av sivile som hovudkriterium for vellukka fredsbevaring. Tryggingrådsresolusjonane 1888 og 1889 vart helste velkomne som eit viktig bidrag til å styrkje rammeverket for vern av sivile med særleg vekt på seksualisert vald. Noreg la vidare vekt på at det er nødvendig å utvikle strategiske doktrinar for internasjonalt politi i fredsoperasjonar, styrkje tilrettelegginga for rekruttering av sivilt personell og auke fokuset på kvalitet og resultat, i tillegg til at det trengst ein reell fredsprosess og velfinansierte fredsbyggingstiltak for at fredsbevaringa skal lukkast.

7.5 Bistand til minerydding

Den norske delegasjonen engasjerte seg sterkt i resolusjonen om bistand til minerydding. Dette vert av dei fleste landa ikkje sett på som eit humanitært spørsmål. Noregs posisjon er likevel at arbeidet mot landminer, klaseammunisjon, handvåpen og våpenhandel (konvensjonelle våpen) må sjåast på som eit humanitært spørsmål. Noregs aktive deltaking i forhandlingane i år gav eit viktig gjennombrøt på dette punktet, sidan fleire land, ikkje minst EU, endra posisjonar og støtta Noreg i avgjerande spørsmål. Desse spørsmåla gjekk ikkje minst på prinsippet om at mineryddingsarbeidet må ta utgangspunkt i humanitære konsekvensar og behov i landa som er ramma, i tillegg til at ein ikkje skal utvide mandatet for FNs mineryddingsbistand til også å inkludere kampen mot terrorisme og såkalla «uidentifiserte eksplosivar». Det var òg viktig å inkludere godkjenning av den operasjonelle FN-verksemde i arbeidet mot landminer og klaseammunisjon.

8 Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)

8.1 Det regulære FN-budsjettet for 2010–2011

FN-budsjettet blir vedteke for ein periode på to år. Budsjettet for perioden 2010–2011 vart vedteke under den 64. generalforsamlinga i 2009. Etter langvarige forhandlingar mellom EU, USA, Japan og G77 kunne Generalforsamlinga 24.12. endeleg vedta eit nytt budsjett ved konsensus. Finanskrisa gav lite rom for omfattande auke i budsjettet og leidde til at fleire viktige land, som Mexico og Storbritannia, hadde ei meir budsjettkonservativ haldning enn normalt. USA var på si side tydelege i å vise at haldninga deira til kjerneverksemda i FN er endra under ny administrasjon og medverka svært positivt i forhandlingane.

Dei ordinære forhandlingane køyrde seg mot slutten fast som følgje av stor avstand mellom partane. Noreg fekk dermed, som tilretteleggjar for forhandlingane, innverknad på budsjettprofilen då det til slutt måtte leggjast fram eit kompromissforslag som vart vedteke ved konsensus. Budsjettet for 2010–2011 er på USD 5 156 029 100. Det er ein auke på omlag 6 % frå budsjettet for den føregåande toårsperioden og inkluderer ca. USD 200–300 millionar i innsparingar samanlikna med forslaget frå FN's generalsekretær.

Blant dei norske prioriteringane i budsjettet fekk vi mellom anna gjennomslag for opprettinga av ei avdeling for politikk, partnerskap og mekling i Sekretariatet, 14 nye stillingar til UNRWA, opprettinga av ei stilling som assisterande generalsekretær for OHCHR i New York og vidareføring av IKT-reforma med innføring av det nye SAP-baserte Enterprise Resource Planning-systemet som vil bidra til betre kontroll og transparens når det gjeld internrevisjon.

8.2 Bidragsskalaen

Bidragsskalaen for den inneverande treårsperioden (2010–2012) blei vedteken med små justeringar frå førre perioden. Finanskrisa sette òg sitt

preg på forhandlingane om skalaen for bidrag til det regulære FN-budsjettet under den 64. generalforsamlinga. EU, som står for omlag 30 % av verdsøkonomien og bidreg med omlag 40 % av det regulære FN-budsjettet, ville ha ei endring i betalingsordninga og argumenterte med at raskt veksende økonomiar må ta ein større del av byrden i finansieringa av FN. G77 argumenterte på si side med at vestlege land har ansvaret for finanskrisa, og at ho derfor ikkje kan brukast som argument for at utviklingsland skal ta ein større finansieringsbyrde for FN. Det er samtidig aukande forventingar til Russland og Kina, som medlemmer av Tryggingrådet, om at dei skal bidra med ein større del til FN-budsjettet. Russland var denne gongen ikkje villig til frivillig å bidra med høgare innbetaling slik som førre perioden, då dei til saman betalte 2 %, noko som var 0,4 % meir enn skalaen kravde. USA var nøgde med at «taket» på 22 % vart ståande. På grunn av nedgangen i japansk økonomi gjekk òg Japans bidrag ned til 12,5 %. Noregs bidrag til det regulære FN-budsjettet auka frå 0,782 % til 0,871 %. Sidan G77 og USA har samanfallande interesser i å oppretthalde status quo, vil det bli vanskeleg å endre dramatisk på bidragsskalaen.

8.3 FN's finansielle situasjon

På grunn av sein eller manglande innbetaling frå medlemslanda har FN framleis sesongprega likviditetsproblem. Medlemslanda hadde i 2009 ei samla gjeld til FN på rundt USD 3,1 milliardar. Trass i finanskrisa er medlemslanda si gjeld lågare enn ved utgangen av 2008, då ho var på USD 3,8 milliardar. Gjelda til FN var sett saman av USD 830 millionar til det regulære budsjettet, USD 2,121 milliardar til FN's fredsbevarande operasjonar, USD 63 millionar til krigsforbrytardomstolane og USD 86 millionar til oppgradering av FN-bygningen. USA hadde ved utgangen av 2008 ei totalgjeld på USD 860 millionar til FN, men har teke grep for å nedbetale denne gjelda.

8.4 Finansiering av FNs krigsforbrytar-domstolar

Generalforsamlinga vedtok eit nytt toårig budsjett for krigsforbrytardomstolane for 2010–2011 på høvesvis USD 245,3 millionar for Rwanda (ein reduksjon på USD 60,1 millionar) og USD 290,3 millionar for det tidlegare Jugoslavia (ein reduksjon på USD 85,9 millionar).

8.5 Finansiering av FNs fredsbevarande operasjonar

Finansiering av FNs fredsbevarande operasjonar skjer i utgangspunktet for ein periode på eitt år, frå 1. juli til 30. juni. Generalforsamlinga vedtek som regel budsjetta for dei fredsbevarande operasjonane i juni kvart år. Det vil likevel òg vere behov for å behandle budsjettforslag etter kvart som Tryggingrådet fornyar mandatet til eksisterande operasjonar eller opprettar nye operasjonar.

Under haustsesjonen drøfta Generalforsamlinga ein framdriftsrapport for Den afrikanske unionens operasjon i Somalia (AMISOM) og vedtok eit budsjett for perioden 1. juli 2009 til 30. juni 2010 på USD 213,6 millionar. I tillegg vedtok Generalforsamlinga budsjettet for FNs observasjonsstyrke i Georgia (UNOMIG) for same periode på USD 10,9 millionar. Med desse vedtaka har FN aktive fredsbevarande operasjonar som kostar omlag USD 8 milliardar for 2009–2010. Desse budsjetta, med unntak av UNTSO i Midtausten og UNMOGIP i Kashmir, blir finansierte gjennom pliktige bidrag frå medlemslanda etter ein bidragskala der dei fem permanente medlemene av Tryggingrådet yter ein større del enn til det regulære budsjettet. Noreg står for 0,871 %.

8.6 FNs politiske misjonar

I tillegg til FNs fredsbevarande operasjonar behandlar Generalforsamlinga kvar haust dei eittårige budsjetta til FNs 26 særlege politiske misjonar. Generalforsamlinga godkjende eit samla budsjett på USD 569,53 millionar, noko som utgjer ein

reduksjon på USD 30 millionar samanlikna med forslaget frå Generalsekretæren. Reduksjonen vert gjennomført utan at det vert nemnt spesifikke misjonar. FNs politiske misjonar aukar stadig. Debatten som går på om dei politiske misjonane skal takast ut av det regulære budsjettet og finansierast over ein eigen konto, blussa opp att i haust, og det er venta at Generalsekretæren vil kome med ein eigen rapport for finansieringa av politiske misjonar i løpet av 2010 som skal leggje grunnlaget for drøftingane vidare i 5. komité. FNs politiske misjonar er venta å utgjere omlag ein femdel av det totale budsjettet for 2010–2011. Den sivile FN-operasjonen i Afghanistan (UNAMA) er den største enkeltposten og fekk støtte til den planlagde utvidinga med 138 nye internasjonale stillingar, som inneber ein auke i budsjettet frå USD 155 millionar for 2009 til USD 226,9 millionar for 2010.

8.7 Tilsyn og kontroll

Finansiering og mandat for FNs tilsyns- og kontrollorgan, OIOS (Office of Internal Oversight Services), var oppe til behandling i den 64. generalforsamlinga. Sett frå norsk side er det viktig at kontoet ikkje blir svekt, og at det har sterk operasjonell fridom og god finansiering over det regulære budsjettet. Det vart likevel vanskeleg å bli samde om nye formuleringar om mandatet og sjølvstendet til OIOS, i tillegg til retningslinjer for offentleggjing av rapportane frå organet. Mandatet frå førre perioden vart dermed forlenga utan endringar, og det er venta at det vil bli gjort eit nytt forsøk på å bli samde om ein resolusjon om OIOS' mandat under den 65. generalforsamlinga. Då vil OIOS òg ha på plass ein ny leiar.

8.8 Revisjonsstandardar

Arbeidet med å innføre internasjonalt godtekte revisjonsstandardar (International Public Sector Accounting Standards – IPSAS) i FN-systemet held fram. Etter planen skulle desse standardane vore i bruk i heile FN-systemet i 2010. Arbeidet er blitt forsinka, og standardane vil truleg ikkje bli tekne i bruk før i 2012.

9 Juridiske spørsmål (6. komité)

9.1 Generelt

I 6. komité blir resolusjonane vanlegvis vedtekne ved konsensus. Viktige saker på dagsordenen under den 64. generalforsamlinga var mellom anna forhandlingar om ein resolusjon om terrorisme, spørsmål knytte til straffansvar for FN-tilsette og behandlinga av rapporten frå Folkerettskommisjonen. Eit nytt og delvis omstridt tema i år var spørsmålet om universaljurisdiksjon. Det blei fatta vedtak på område som reform av FN sine interne retts-system, rettsstatsprinsipp, rapporten frå FN-kommisjonen for internasjonal handelsrett, rapporten frå Spesialkomiteen for FN-pakta og rapporten frå komiteen om samkvemmet med vertslandet. I tråd med tidlegare praksis blei det halde felles nordiske innlegg på mange av dagsordenpunkta.

9.2 Terrorisme

Ein viktig del av FN-arbeidet mot terrorisme skjer i regi av Tryggingrådet med underkomitear, mellom dei antiterrorkomiteen (CTC), oppretta i sam-svar med resolusjon 1373 (2001) som blei vedteken like etter angrepet på World Trade Center i New York. Tryggingrådet ser på internasjonal terrorisme som ein trussel mot fred og tryggleik, og Rådet har på det grunnlaget eit hovudansvar for å fastsetje tiltak som varetek tryggleiken. Særleg gjeld dette tiltak retta mot personar eller grupper som står bak eller støttar terrorhandlingar. CTC spelar ei praktisk viktig rolle i kampen mot terrorisme og har som formål å styrkje overvakinga av utviklinga på området og å gi assistanse til medlemsland for å styrkje gjennomføringa av resolusjon 1373. Tryggingrådet arbeider også gjennom 1267-komiteen (Taliban / Al Qaida) og 1540-komiteen (nukleær terrorisme).

Arbeidet mot terrorisme har òg ein viktig plass i Generalforsamlinga, som har som rolle å forhandle fram bindande regelverk (i form av avtalar) og tilrådingar (i form av resolusjonar). Her deltek alle FN sine medlemsland i dialogen om terrorisme og utviklar skrittvis felles normer for dette arbeidet. Generalforsamlinga arbeider med eit stort spekter

av saksfelt for å nedkjempe terrorisme på brei front, slik som kampen mot fattigdom, styrking av den internasjonale rettsordenen, fred og forsoning, dialog mellom religionar og samfunn og arbeid mot spreiding av masseødeleggingsvåpen.

Som ei oppfølging av FN-toppmøtet ved åpninga av den 60. generalforsamlinga i 2005 lanserte Generalforsamlinga i 2006 ein global strategi for arbeidet mot terrorisme. Strategien har ei brei tilnærming og omhandlar tiltak retta mot årsakene til terrorisme, tiltak for å nedkjempe terrorisme, tiltak for å styrkje kapasitetane i medlemslanda i kampen mot terrorisme og respekt for menneskerettane og rettsstatsprinsippa i antiterrorarbeidet. Eit viktig organ som koordinerer FN-innsatsen for kamp mot terrorisme, fekk i år tryggare finansielle og administrative rammer ved at verksemda til organet heretter skal finansierast over det regulære FN-budsjettet. Generalforsamlinga vedtok ein resolusjon om terrorisme, som er ei rein oppdatering av tidlegare versjonar. Resolusjonen fordømmer alle former for terrorisme og understrekar verdien av arbeidet regionale organisasjonar og ulike FN-organ gjer i kampen mot terrorisme.

Semje om ein generell FN-konvensjon mot internasjonal terrorisme og avgrensinga av bruksområdet til ein slik konvensjon kunne ha medverka til å effektivisere samarbeidet i kampen mot terrorisme, mellom anna gjennom straffeforfølgning av dei som utfører terrorhandlingar. Ein konvensjon ville òg ha sendt eit eintydig signal om at verdssamfunnet står samla i kampen mot terror. Heller ikkje i år var det nokon framgang i arbeidet, og drøftingane blir igjen vidareførte i ein ad hoc-komité. Usemja mellom særleg dei arabiske landa og vestlege land er knytt til at den førstnemnde gruppa ønskjer å halde handlingar som er utførte i kamp mot ei okkupasjonsmakt, utanfor ein definisjon av terrorisme. Enkelte arabiske land ønskjer òg å ramme såkalla statsterrorisme, dvs. valdshandlingar som er utførte av ein stat. Diskusjonen om terrorismedefinisjonen er dermed nært knytt til konflikten i Midtausten.

Noreg vil styrkje kampen mot terrorisme alle stader, same kven som utfører handlingane og kva som er motivet, og søker i forhandlingane å unngå

løysingar som kan medverke til å legitimere handlingar ut frå at dei har ein særskild motivasjon (til dømes kamp mot ulovleg okkupasjon). På norsk side er vi òg av den oppfatninga at behandlinga av statshandlingar og statsansvar er betre forankra i andre delar av folkeretten.

Noreg støttar òg den breie tilnærminga i den globale antiterrorstrategien. På norsk side er vi overtydde om at dei nye finansielle og administrative rammene for organet som koordinerer FN-innsatsen i kampen mot terrorisme, vil ha positiv innverknad på arbeidet med å gjennomføre den globale strategien.

9.3 Folkerettskommisjonen

Viktige spørsmål i rapporten frå Folkerettskommisjonen var mellom anna internasjonale organisasjonars ansvar, delte naturressursar, utvising av utlendingar, kva verknader væpna konflikthar på traktatar, plikta til å utlevere eller straffeforfølgje, reservasjonar mot traktatar, vern av individ ved katastrofar og tolking av traktatar over tid. Det vart halde fleire fellesnordiske innlegg under dagsordenspunktet om Folkerettskommisjonens rapport.

9.4 Andre spørsmål

Etter at det i 2004 blei avdekt at FN-tilsette hadde gjort seg skuldige i seksuelle overgrep, har FN arbeidd med spørsmålet om straffeansvar for FN-tilsette. Særleg spørsmål om immunitet, FN's kompetanse og rettsleg samarbeid på tvers av landegrensene har gjort seg gjeldande. Det herskar framleis stor usemje om korleis FN best kan gå fram i denne saka. Somme, deriblant EU, vil at det raskt skal vedtakast ein konvensjon som kneset viktige samarbeidsplikter. Også Noreg tok til orde for å utarbeide ein konvensjon, men det må dessverre erkjennast at utsiktene for dette er dystre. Det skuldast i hovudsak frykt hos ein del statar for ei utvikling der ein annan stat skal kunne straffeforfølgje deira militære personell.

Universaljurisdiksjon var eit nytt og til dels kontroversielt tema under den 64. generalforsamlinga.

Universaljurisdiksjon er eit strafferettsleg konsept som omhandlar om ein stat skal ha høve til å straffeforfølgje utlendingar for handlingar som er utførte i utlandet. Dagsordenspunktet vart føreslått av den afrikanske gruppa i kjølvatnet av initiativ frå europeiske statar om arrestasjon og etterforsking av representantar for styresmaktene i enkelte afrikanske land under mistanke om deltaking i alvorlege straffbare handlingar. Den afrikanske gruppa godtek fullt ut at universaljurisdiksjon kan brukast for visse internasjonale brotsverk, men hevdar at jurisdiksjonsgrunnlaget vert misbrukt av politiske grunnar av andre statar og som eit ulovleg inngrep i ein annan stats interne forhold. Det var særleg viktig for Noreg å påpeike at universaljurisdiksjon er eit viktig verkemiddel i kampen mot straffridom, til dømes der meir nærstående statar ikkje vil eller kan straffeforfølgje personar som er skuldige i alvorleg kriminalitet, sjølv om prinsippet sjølv sagt ikkje må misbrukast til politiske formål eller som sjikane. Etter inngåande forhandlingar vedtok Generalforsamlinga ein rein prosedyreresolusjon der Generalsekretæren vert beden om å utarbeide ein rapport etter innspel frå medlemsland.

Generalforsamlingas 6. komité behandlar også tilgang til FN's generalforsamling for observatørar. Vilkåra for å få observatørstatus ved generalforsamlinga har vore enkle, nemleg at det er snakk om ein internasjonal organisasjon som utfører eit arbeid som er av interesse for generalforsamlinga. Likevel meiner somme land frå G77 at desse kriteria har blitt brukt for fleksibelt i den seinare tida, og varslar full gjennomgang av vilkåra og praksisen under den komande generalforsamlinga.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 7. mai 2010 om Noregs deltaking i den 64. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 63. generalforsamlinga i FN vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Innlegg av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, under eit eige arrangement om finansiering av arbeidet med å nå dei helserelaterte tusenårsmåla***New York, 23. september 2009*

Eksellensar,

Kjære vener,

La meg byrje med å rose statsminister Brown og president Zoellick for det eineståande arbeidet dei har gjort som leiarar for denne viktige arbeidsgruppa.

Eg er stolt over å vere til stades saman med så mange framstående og engasjerte verdsleiarar som har sett mødre- og nyfødde på toppen av den internasjonale dagsordenen.

Den felles innsatsen har vore til nytte.

Vi gjer framsteg.

Vi får allereie meir helse for pengane.

I India får kvinner økonomisk støtte til å reise til klinikkar og få behandling.

Dette har ført til at ti gonger så mange born vert fødte på klinikkar – talet har auka frå ein halv million til fem millionar på berre to år.

Når vi gir kvinner nokre få dollar slik at dei kan føde på ein klinikk, gir vi dei samtidig tilgang til helsetenester og styrkjer stillinga deira med eit enkelt tiltak.

I Rwanda har president Kagame innført økonomiske insentiv for lokalsamfunna for at fleire menneske skal få tilgang til helsetenester.

Som eit resultat av dette er dødstalet blant barn redusert med 30 %.

Men det er framleis langt att før vi når FNs tusenårsmål.

Vi må skaffe meir pengar til helse for å finansiere livreddande behandling.

Noreg held fast på forpliktingane våre.

I år kjem vi til å overstige målet om at 1 % av BNI skal gå til bistand.

For det andre vil vi, saman med Storbritannia, Australia og andre land, støtte den internasjonale finansieringsmekanismen for immunisering med eit bidrag på USD 250 millionar.

For det tredje vil vi gje USD 250 millionar til resultatbasert finansiering gjennom Verdsbankfondet.

Desse løyvingane skal bidra til å fremje samordna internasjonal handling og gi større framdrift i arbeidet med tusenårsmål 4 og 5.

Takk.

Vedlegg 2

Innlegg av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, under eit arrangement i regi av FN om REDD+

New York, 24. september 2009

Generalsekretær, eksellensar,

Om ti veker skal vi møtast i København.

Vi skal møtast for å stake ut ein ny kurs.

Ein kurs som fører til at dei globale utsleppa av klimagassar vert reduserte.

Ein kurs mot ei framtid med låge karbonutslipp.

Avskoging står åleine for nesten 20 % av dei totale utsleppa av klimagassar i verda.

Dersom vi skal lukkast i kampen mot klimaendringane, må vi difor lukkast i å redde skogen.

Dette kan vi klare med ein samla innsats frå alle dei som er samla her i dag.

Innanfor ei rimeleg tidsramme.

Til ein rimeleg pris.

Her vil eg få rose det viktige arbeidet som er gjort av den uformelle arbeidsgruppa for midlertidig finansiering.

Dersom vi skal lukkast, treng vi godt samordna global handling.

